

Ho Chi Minh – lysberaren

Føraren i den vietnamesiske fridomskampen i tretti år, Ho Chi Minh, er gått over i historia som ein av dei mest markante personlegdomane i hans eige folks dramatiske søge. Namnet hans er òg uløysleig knytt til ei viktig verdshistorisk hending: frigjeringa av dei asiatiske kolonifolka frå britisk, fransk og hollandsk overherredømme. Namnet hans er også inspirasjon og symbol for sosiale og nasjonale frigjeringsrørslar på afrikansk og sør-amerikansk grunn.

Livet hans var likevel først og fremst vikt til ei stor oppgåve: samling og frigjerung av dei vietnamesiske provinsane, Tonkin, Annam og Cochín-China som i lag med Laos og Kambodsja utgjorde den franske kolonien Fransk Indokina. To gonger hadde han dette målet innanfor rekkevidde: Med proklamasjonen av Den demokratiske republikken Vietnam i september 1945 og med Genève-avtalen 22. juli 1954, etter den sigerrike krigen mot dei franske kolonistyrkane. Denne avtalen stelte i utsikt og garanterte "suvereniteten, sjølvstendet, einskapen og den territoriale integriteten til desse landa (Kambodsja, Laos og Vietnam)". Den planlagde folkerøystinga over heile Vietnam to år etter ville utan tvil ha gjeve fleirtal for Ho Chi Minh og det sosiale og økonomiske program-

met til hans politiske organisasjon, Viet Minh, men vala vart sabotert av den amerikanskstødde regjeringa til Diem.

Den aldrende Ho Chi Minh har såleis berre skoda inn i "det lova landet". Det ligg ei tragisk minning i det faktum at Vietnam no



er det siste og einaste landet på det tidlegare fransk-britisk-hollandske koloniområdet i Asia, som ikkje har nådd fram til samling og suverenitet i ein stat og med medlemskap i Dei sameinte nasjonane, på like fot med dei to andre landa innanfor det tidlegare Fransk Indokina, Kambodsja og Laos.

Den republikken som vart proklamert i Hanoi 2. september 1945 med meir eller mindre formell godkjenning av dei sigerrike stormaktene, som Ho Chi Minh og hans geriljastyrkar hadde hjulpet i kampen mot japanarane, skulle sjølvstekt femnekring heile det vietnamesiske området, det området den fransk- og der-

etter amerikansk-stødde Saigon-regjeringa hadde meir eller mindre under kontroll. Det vart derfor sleige uttrykkeleg fast i Genève-avtalen at den militære demarkasjonslina til lette for omgrupperinga og evakueringa av dei franske og dei regulære vietnamesiske styrkane, berre var provisorisk utan politisk eller geografisk innebering. Det var venta at i alle fall folkerøystinga i juli 1956 skulle annullere denne demarkasjonslina som vart drege heilt vilkårleg langs den syttande breiddegraden tvers gjennom midtprovinsen Annam.

Ein tragisk verknad av den amerikanske politiske, finansielle og til slutt militære intervensjonen til stønad for motregjeringa i Saigon, er den de facto-kløyvinga av Vietnam i eit "Nord-Vietnam" og eit "Sør-Vietnam" som ikkje har det minste grunnlag i dei historiske, nasjonale og geografiske tilhøva. Dette høvde likevel godt med den amerikanske rettferdiggjeringa for krigføringa si i Vietnam, nemleg påstandet at det var "til stønad for eit folk som stridde mot åtak frå ein grannestat i nord."

Ho Chi Minhs langsente draum og realistiske tiltak til sosial heving og nasjonal samling av vietnamesarar i ein stat, ligg

enno ute i ei uviss framtid. Realpolitikaren Ho Chi Minh og hans menn synest vere på line med medkjemparane sine i Den sør-vietnamesiske nasjonale frigjeringsfronten (FNL) når dei reknar med ei lengre eller stuttare overgangstid med eit "sjølvstendig, suverent og nøytralt Sør-Vietnam". Skipinga av Den sør-vietnamesiske provisoriske revolusjonære regjeringa "ein stad i Sør-Vietnam" har sjølvstekt skjedd med full godkjenning av regjeringa i Hanoi.

Ho Chi Minh har gått over i historia jamsides asiatiske førarar som Indias Gandhi og Nehru og Pakistans Djinnah. Ho Chi Minh, dette siste og mest kjende av dei mange namna og dekknamna han bar i den lange kampen for fridomen til fedrelandet sitt – frå Versailles-fredens dagar til hans siste dag – tyder "Ljosberaren". Det var helst eit utnamn fangevaktarane i eit fransk kolonifengsel ein gong sette på han. Lite ana dei at dette namnet på ein heller ukjend oppviglar av eit kua og vanvord folk skulle kome til å miste all spottande ironi. I staden vart det ei fane for ei folkerørslar, "ei sosial og nasjonal frigjeringsrørslar", for å bruke generalsekretær U Thants ord, som har skrive eit av dei mest heroiske kapittel i nyare verdshistorie.